



Det blir trangt når 23 førsteklasingar flokkar seg rundt lærarane.

- Dere er ei kjempeklasse, sa rektor Vidar Haugland då han helsa 23 førsteklasingar velkome til skulestarten i føremiddag.

Det blir den største klassa ved skulen.



Optimistiske ved skulestarten: Birk Sæle og far Tor Vidar saman med kontaktlærer Hilde Bringedal

Då dei kom var dei trygt forankra i handa til mor eller far, men det vara ikkje lenge før dei slapp seg laus både verbalt og ellers. Det var ingen tvil om at dei hadde vore i klasserommet før og lærarteamet leia av kontaktlærer Hilde Bringedal hadde ikkje problem med disiplinen.



Stort fram møte også av foreldra prega skulestarten.

Frå starten var det litt høgtidssamt, nesten andektig i klasserommet. Det var tydeleg at dette var ei spesiell hending også for foreldra. Alt var lagt fint til rette, til dømes sto namna til alle elevane på tavla. Første skuletimen gjekk glatt unna.

Dette er førsteklassingane: Åsne Arnesen, Karsten Huse Bjørnebøle, Matias Nilsen Børve, Marius Kyrkjeeide Eidsvik, Mats Kyrkjeeide Eidsvik, Vidar Kildal Eidsvik, Sander Andreas Øye Eikenes, Ylva Hidle Gravdal, Selma Ovidia Guddal, Torbjørn Haugland, Anders Isdal-Myklebust, Johan Saghaug Kroka, Gard Haugland Lunde,

Celine Musland, Helene Myklebust, Tørres Tungesvik Myklebust, Maia Bolette Pile, Emma Myklebust Ripel, Kristiane Skjelnes, Birk Sæle, Åshild Johanne Bondhus Vivelid, Saule Zeimaitaityte og Kristian da Silva Øvstebø.

I det nye skuleåret har skulen i Uskedalen 104 elevar, som er 10 fleire enn i fjor. Då førsteklassingane starta på dei 7 skuleåra sine i den lokale skulen hadde dei andre elevane allerede vore der i vel ein time. Elevar og lærarar var blide og positive ogtok fatt med optimisme på eit nytt skuleår.

Mykje vil skje også i dette året. Skulen vil til dømes få ny verksemdsleiar (rektor) ettersom Vidar Haugland blir pensjonist ved årsskiftet. Då har han allereie arbeidd saman med den nye i to månader, for Marie Elisabeth Kaldestad (no verksemdsleiar i Bringedalsbygda) startar 1. november.

Nytt av året er ellers tilbod om leksehjelp til alle elevar på årsstega frå 1 til 4. Leksehjelpa er gratis og friviljug for alle elevane.

Elevane fordeler seg slik: 1. klasse 23, 2. klasse 14, 3.klasse 19, 4. klasse 12, 5. klasse 13, 6. klasse 16 og 7. klasse 7.

Lærarar for 1. og 2. klasse er Elisabeth Amundsen, Hilde Bringedal og Brit Hjetland.

Lærarar for 3.-5. klasse: Rannveig Helleland, Åse Neset og Odd Steinar Arnesen.

Lærarar for 6. og 7. klasse: Kari G. Svinth, Bjørg Møyfrid Fredheim og Odd Steinar Arnesen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Flagget til topps for eitt nytt skuleår! Klassestyrar Bjørg Møyfrid Fredheim med dei 7 sjuandeklassingane: Maren Huse Bjørnebøle, Rebecca Hølleland Hauge, Johannes Haugland, Marius Seim Myklebust, Amalie Haugland Røstbø, Tord Sæle og Kjartan Elias Tungesvik.